

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 11.05.2021

Til stades: Ole Gisle Vassel, Jan Tore Huus, Marta Samland, Thorleif Gjernes, Kenneth Vikane, Oddmund Skeie og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Angunn Handegard Trå

Referent: Kaia

**Sak 2021/23: Godkjenning av innkalling og dagsorden.** Godkjent

**Sak 2021/24: Godkjenning av referat frå styremøte 20.04.2021.** Godkjent (retta saksnr. i sak 21 og 22).

**Sak 2021/25: Eigedomar:**

- Status forsikring av utstillinga i båtbyggjarmuseet og inventar i Krambua. Sverre Haugen er ikkje kjend med at utstillinga i museet eller Krambua er forsikra. Styret undersøker litt meir rundt utstillingane og vurderer vidare.
- Sverre ynskjer avløyising som kontaktperson for båtbyggjarmuseet, styret spør ny person om denne oppgåva.
- Sverre og Trond har gjennomført eit stort vedlikehald med utskifting av skada bord, esing og keipar på båten som står utanfor museet. Det står att arbeid med skraping/maling av båten, dette vert dugnad.
- Kommunen sender faktura for eigedomsskatt og avløpsgebyr for Meieriet til bygdelaget, sidan vi er huseigar. Me fekk ikkje rekning på avløp for Meieriet i fjor, endringa skyldast at kommunen har overteke Høyneset kloakkanlegg. Me bør få installert vassmålar for å få redusert gebyret. Bygdelaget får faktura frå kommunen, og fakturerer vidare til Meieriet etter avtale.

**Sak 2021/26: Herand Landhandleri:**

- Det er planlagt generalforsamling for butikken medio juni. Marna Roer og Gunnar Dalseth er Herand Bygdelag sine representantar i butikkstyret, og er på val. Marna og Gunnar er begge villige til å ta ein ny periode i butikkstyret, og bygdelagsstyret ynskjer dette og takker for jobben dei gjer.

**Sak 2021/27: Tilstellingar:**

- Vårdugnad, aktivitetsliste er sett opp på plakatassen og må leggest på Facebook. Ein del arbeid er gjort, me oppmodar alle om å ta eit tak, tusen takk.
- Liste for vatning av blomar i bygda gjennom sommaren, styret fordelt.

**Sak 2021/28: Økonomi:**

- Vi har fått utbetalt kr. 3204,- i ekstra koronastøtte frå Lotteri-/stiftingstilsynet.
- Ullensvang kommune har løyvd kr 20.000,- i støtte til kulturhuset (vedteke 4. mai).

Oppfylgning av tidlegare søknader/løyvingar:

- Sigmund sjekkar opp i brannsikring/rømningsplan for kulturhuset.
- Thorleif: isolering eller membran i kjellar på kulturhuset, er på saken.

- Varmepumpe i barnehagen – kven skaffar tilbod på dette? Lokale er utleidd, men lite i bruk. Er det naudsynt å installere varmpumpe no? Kan det ev. søkast om omdisponering av midlar til ny ytterdør nede på baksida?
- Utsifting av vindauge – Thorleif ser på saka og bestiller dei som er mest prekær å skifte.

**Sak 2021/29: Nærmiljøanlegget:**

- Tildelt kr. 300 000,- frå Idrettsrådet i Ullensvang kommune
- Avslag på søknad om støtte frå Bremnes Seashore.

**Sak 2021/30: Andre saker/eventuelt:**

- Badeplassen. Det er viktig at kommunen merker/skiltar tilkomst til offentleg bade plass. Dette for å unngå konflikter i nabolaget ved bade plassen. Ole snakkar med kommunen.

**Neste styremøte tysdag 08.06.21 kl. 19.00 på Herand kulturhus**